

Fra: Eirik Sondre Husby (eirik.sondre@roldalfreeride.no)

Sendt: 23.11.2016 11:43:00

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Søknad om arrangementstilskot til stiftinga Røldal Freeride

Vedlegg:

Søknad om arrangementstilskot til Røldal Freeride Challenge og Røldal Freeride Junior.

Dei siste to helgene i april går Røldal Freeride Challenge og Røldal Freeride Junior av stabelen i fjellbygda Røldal.

Dette er frikøyringsskonkurransar på snøbrett og ski. (Les meir om frikøyring her:

<https://no.wikipedia.org/wiki/Frikjøring>).

RFC er finale i norgescupen (<http://norwayfreeride.no>) i frikøyring og konkurransen har ei høg stjerna nasjonalt og internasjonalt. RFC er Nord-Europas største, viktigaste og mest publikumsvennlege frikøyringssarrangement på ski og snøbrett, og arrangeras for 17. år på rad 27-30/4-2017. Konkurransen er kjent som eit spektakulært arrangement og trekker til seg eit publikum på opp mot 3000 tilskodarar.

Røldal Freeride Junior, også kjent som Junior NM i frikøyring, arrangeras helga før, for 7 året på rad. Junior NM har fått sama status blant frikøyrrarar under 18 år som seniorkonkurransen har for dei over 18. Denne konkurransen tiltrekk seg snøglade barn og ungdom frå heile landet i alderen 6-17. Dette er ei helg der ferdsel og tryggleik i fjellet står i fokus. Vårt mål er og få flest mogleg ut på ski under trygge rammer. Vinnarane tek med seg ein uoffisiell norgesmeistertittel, og alle deltakarane reiser heim med premiar. Konkurransen er ein del av Freeride Junior Tour, altså verdscupen for juniorar.

Arrangør av begge konkurransane er stiftinga Røldal Freeride, ein organisasjon utan lønnsutbetalingar, der alle partar er heimehøyrande i Odda Kommune. Heile organisasjonen driftas på dugnad, noko som vert vanskelegare for kvart år som går.

Arrangementa resulterer kvart år i brei medieomtale nasjonalt og internasjonalt, både i forbindelse med konkurransane, og ikkje minst i forbindelse med profilane som løfter Røldal fram som ein av verdas beste destinasjonar for skikøyring. Røldal Freeride Challenge resulterer i fleire hundre tusen videovisningar i digitale plattformar, i tillegg til å bli sett av opp mot ein million sjårarar i innslag på sportssendingar i NRK og TV2.

Gjennom eigne nettsider, sosiale mediar og mediadekning har konkurransen stor eksponering. Her er nokre nøkkeltal:

- I perioden 7 mars til 7 mai 2013, hadde Røldal Freeride si heimesida 10472 besökande. Kvar besökande brukte i snitt 2 minutt og 12 sekunder på heimesida. Det svarar til 6,4 timer med eksponering av sponsorlogoar.
- Røldal Freeride har ei Facebooksida med 1777 likarklikk, ein Instagram konto med 649 følgjarar og ein Twitterkonto med 1079 følgjarar per 23.11.16.
- Oppsummeringsvideoen på Facebook av fjarårskonkurransen nådde ut til 5733 brukarar og hadde 1,6 tusen visningar.
- ”Redaksjonell omtale av Røldal Freeride er alltid blant dei mest leste sakene på Fri Flyt, uavhengig av vinkling. Røldal Freeride har fått eit så stort namn at sakene derifrå når mykje breidare enn dei andre frikøyringssorienterte sakene våras. Artiklane har også forbausande lang levetid” Christian Nerdrum, Redaktør, Fri Flyt

Videosnuttar

- TV 2 si oppsummering av arrangementet i 2014: <http://www.tv2.no/v/810216/>
- Høgdepunkt frå 2016: senior <https://www.youtube.com/watch?v=J7AAyirFoCM>
- Høgdepunkt frå 2015: junior <https://www.youtube.com/watch?v=IQDPJJDSNDw&t=11s>

Røldal Freeride Challenge gjev direkte resultat i form av auka omsetning for reiselivsbedriftene og relaterte verksemder i Odda kommune under arrangementet, men bygger og opp området som frikøynings- og toppturdestinasjon heile året. Røldal Freeride har bidrige til å gjere frikøyring til ein folkesport, og skapt grunnlag for næring innan skiskule, frikøyingskurs og guiding i Røldal og området rundt vinterstid. Kostnadane ved desse to konkurranse er stadig ei utfordring. Hovedfokuset vårt er på sikkerhet, og det er dette som kostar mest. I ein stadig vanskelegare sponsormarknad slit me med og få inn nok midlar til og gjennomføre desse arrangementa.

Me håpar difor på stønad frå fylkeskommunen slik at me kan sikra vidareføring av Røldal Freeride som ein av spydspissane i Odda Kommune sine idrettsarrangement.

Stiftinga Røldal Freeride søker med dette arrangementstilskot på inntil 50.000,-.

Vennleg helsing,

Eirik-Sondre Husby
Røldal Freeride Challenge
eirik.sondre@roldalfreeride.no
+47 954 93 746

Følg oss på:

[Facebook](#) [Instagram](#) [Twitter](#) [Youtube](#)